



Designkonkurranse på nytt kommunevåpen

Fleire hundre innspel har blitt til to tema. No inviterer politikarane til designkonkurranse på nytt kommunevåpen med bru eller robåt.

Tema, form og farge

- To hovudtema har gått vidare frå innspelsfasen: Bru og robåt.
- Brua skal vere stilistisk og ikkje likne på ei av bruene i Lindås, Meland og Radøy.
- Våpenet skal berre innehald eitt motiv. Det skal ikkje repeterast tre/fleire gonger.
- Våpenskjoldet kan ha spiss eller avrunda i botn.
- Våpenet skal innehalde eitt metall og ein farge. Fargen må vere rein og klar, utan nyansar og sjatteringar. For meir informasjon – sjå vedlagt presentasjon.
- Motivet bør fylle skjoldflata godt, vere enkelt og utan unødvendige detaljar.
- Våpenet bør vere lett å kjenne att i fart, på avstand og i lite format.
- Motivet skal vere todimensjonalt utan bruk av dybde og perspektiv.

[Sjå vedlagt presentasjon for teikningar og forslag på dei to tema som gjekk vidare til designkonkurransen.](#)

Kvalifikasjonskrav

- Dokumentert kompetanse og erfaring innan grafisk og/eller kunstfagleg arbeid.
- Registrert firma innan grafisk og/eller kunstfagleg arbeid.

Vi vurderer berre firma som legg ved dokumentasjon på kompetanse og erfaring og firmaattest.

Krav til innleveringa

- Deltakarane kan levere inntil tre forslag på kvart av temaa.
- Forslaga må følgje krava til tema, form og farge (over) og [dei heraldiske reglane for kommunevåpen](#).
- Kvart av forslaga må visast på fire ulike måtar: På kvit og svart bakgrunn – både i full farge og svart/kvitt
- Alle forslaga skal vere i storleik tilpassa A4-format og leverast som PDF-fil. Forslaga må ikkje innehalde tekst eller logo. Vi må kunne presentere forslaga anonymt.
- Kontaktopplysningar og ei kort skildring av forslaget skal vere eit eige dokument.
- Vinnaren må i tillegg fritt levere forslaget sitt som vektorisert ai-fil i sort/kvitt, CMYK og PMS-fargar etter konkurransen.

Premiering

- Vinnar av konkurransen får 50.000 kroner.

ALVER KOMMUNE

Vi byggjer Alver kommune



- Dei ni andre finalistane får 10.000 kroner kvar.

Juryen

Juryen består av medlemmene i den politiske prosjektgruppa som leiar prosjektet for identitet, symbol og felles kultur. Juryen får profesjonell rettleiing frå fagpersonar på grafisk design og heraldikk.

Utveljing og rettar

- Juryen står fritt til å velje mellom forslagsstillarar som møter krava i utlysinga.
- Utveljing kan skje med loddtrekning om vi får tilnærma like forslag.
- Prosjektgruppa må ikkje gi tilbakemelding til alle deltakarane.
- Alle forslaga kan bli stilt ut og presentert utan ekstra godtgjering.
- Forslag som ikkje er på plass innan fristen kan bli avvist.
- Prosjektgruppa kan be om justering på forslaga. Dette blir ein del av prosessen utan ekstra godtgjering.
- Alle rettar til vinnarforslaget går til kommunen i sin heilskap. Kommunevåpenet blir ein del av kommunen sin grafiske profil, og kjem mellom anna på kommunen sitt segl, flagg og ordførarkjede.